



# Villingur Islandshestforening

Web: <http://www.villingur.com>



## Referat frå Årsmøtet i Villingur

*Referat skrive av Jofrid Åsland.*

**Skriv under protokollen:** Iren Haugan og Kari Egelanddal.

**Ordstyrar:** Olav Fosså.

**Innkalling** godkjent med merknaden: Passe på at alle får innkallinga. Nå har den berre gått ut til hovudmedlemmane.

### **Torstein las årsmeldinga:**

*Årsmelding 2014*

*Det nærmar seg 2015 og nok eit arbeidsår i Villingur er til ende. Av arrangement kan nemnast:*

*2 medlemsmøter + temakveld, salpussingskveld og samling for «Villingur-damene»*

*2 dugnads dagar på ridebane/ridestiar*

*2 rideturar, ein dagstur og ein overnattingstur*

*Romjultreff i desember og Kostymeritt i juni*

*4 halltreningar*

*5 konkuransetreningar*

*8 ridekurshelger med Nils Christian Larsen*

*Lokallagsdommarkurs*

*1 innandørs ridestevne*

*3 kvalifiseringsstevner*

*Klubbmesterskap i april*

*Villingurrytterar deltok på NIHF sitt dommerseminar på Forsand, på dei fleste WR stevner, på pinsestevnet (8 deltakerar), Norgesmesterskap, Nordisk i Danmark og Sydvestmesterskap.*

*Fleire Villingurmedlemmar var også å sjå på Landsmot på Island midtsommars.*

*Styret var representert med 2 på årsmøte i mars og 1 på lokallagsmøtet i november.*

*Styret har hatt 13 styremøter, forutan 1 møte saman med Isafold i juni og eit saman med Isafold og Faxi under lokallagsmøtet.*

*Bjørn Hansen betongelement as gav oss betongelement til rullestolrampe i sommar, og Stein Maskin monterte denne vederlagsfritt.*

*Forsand kommune har i tillegg til vanlege kulturmidler sponsa våre to representantar på landslaget med 12500,- kvar.*

*Forsand Sandkompani AS har gitt oss 100 refleksvestar – ein til kvar medlem.*

*Villingur stilla også opp med barneridning under Forsand Sandkompani AS sitt 50 års jubileum og fekk 2000,- kroner for det.*

*Også i år stod Villingur for den årlege krabbefestivalfesten. God innsats gav oss eit resultat på ca 35000,- i overskott.*

*Kasserar har gjort ein stor innsats for å redusere utestående beløp, og har lukkast bra med det.*

*Ein av våre dommerar har diverre meldt frå om at han sluttar å dømme i år.*

*Me vil gratulere alle som har gjort det godt på stevnene i sommar. Spesielt må nemnast Ingeborg Ivesdal med Stáli frå Fossanmoen som vart både klubbmester, sydvestmester i 4gangs-kombinasjonen og nr 15/18 i nordisk mesterskap i Herning i disiplinane V1 og T2*

Side 1

Leder: Torstein Fossan Epost: [fossanmoen@fossanmoen.no](mailto:fossanmoen@fossanmoen.no) Tel: 51703761 / 909 86 637

Sekretær: Jofrid Åsland Epost: [aaslandseldal@icloud.com](mailto:aaslandseldal@icloud.com) Tel:

Kasserer: Brit Marit Knudsen Epost [kjetiknu@online.no](mailto:kjetiknu@online.no) Tel: 51703845/98073037



# Villingur Islandshestforening

Web: <http://www.villingur.com>



*Kari Egelandstal/Kristall frá Hvítanesi vart klubbmester og Sydvestmester i 5gangskombinasjonen ungrytter, landslagsplass og deltakelse i Nordisk. Bjarne Fossan vart klubbmester i 5gangskombinasjonen med Gauti frá Fossan, Miriam Knudsen med Draupnir frá Suldal i 4gangs-kombinasjonen ungrytter. Helle Skjølberg med Blossi frá Nyberg vant 4gangs-kombinasjonen junior og Anny Husebø/Glæsir frá Fossanmoen var kombinasjonsvinnar i fritidsklassen under klubbmesterskapet. Her vant også Anders Oaland med Gjafar frá Rip «V1 utan galopp».*

*Me må også nemne Hilde Oaland som i sommar vart utsett for ei alvorleg ulukke. Det er ei stor glede for oss at ho no er i god betring, og me ynsker ho alt godt framover.*

*Styret har bestått av: Leiar Torstein Fossan, Nestleiar: Thomas Stangeland, Sekretær: Jofrid Åsland, Kasserer: Brit Marit Fossan Knudsen, Webansvarlig: Tine Lossius. Miriam Knudsen har vore ungdomsrepresentant og Bjarne Fossan og Arne Utbjoa varamedlemmer som har møtt fast i styret. Som leiar vil eg takka alle 8 for svært godt samarbeid i styret. Det har rett og slett vore triveleg!!*

*Torstein Fossan*

Årsmeldinga godkjent.

**Rekneskapen:** Revisor finn rekneskapen ok.

Underskot skuldast noko mindre kursaktivitet og mindre store stevner arrangert av klubben dette året. Vidare har styret valt å halde prisane på stevner så rimelege som mogleg for at flest mogleg skal delta.

Avskrivningane er også med på å dra ned resultatet.

Det er 286.000 kroner på konto.

Rekneskapen er godkjend.

**Innkomne forslag:** Ingen.

Fastsette kontingent:

650 kroner for hovudmedlem, og 75 kroner for barn.

Årsmøtet hadde ikkje godt nok grunnlag for å vurdere gjestemedlemskap.

Kontingenten står uendra.

**Val:**

- **Leiar:** Torstein Fossan .
- **På val som styremedlem:**  
Ingeborg Steinnes Ivesdal  
Miriam Knudsen  
Brit Marit Knudsen  
Bjarne Fossan  
Arne Utbjoa

Styremedlem: Ingeborg Steinnes Ivesdal, Brit Marit Knudsen.

1. vara: Miriam Knudsen.
2. vara: Bjarne Fossan

- **På val som ungdomsrepresentant:** Kari Egelandstal, Bente Ravnås, Marthe Toven.  
Ungdomsrepresentant: Bente Ravnås.

Side 2

Leder: Torstein Fossan Epost: [fossanmoen@fossanmoen.no](mailto:fossanmoen@fossanmoen.no) Tel: 51703761 / 909 86 637

Sekretær: Jofrid Åsland Epost: [aaslandseldal@icloud.com](mailto:aaslandseldal@icloud.com) Tel:

Kasserer: Brit Marit Knudsen Epost [kjetiknu@online.no](mailto:kjetiknu@online.no) Tel: 51703845/98073037



# Villingur Islandshestforening

Web: <http://www.villingur.com>



- **Nettside:** Tine Askvik Lossius.
- **Ordenskomité:** Hilde O. Madland og Perly Fossan.
- **Revisor:** Sveinung Madland.
- **Valkomité:**
  - Hilde O. Madland til 2015
  - Laila Horvei til 2016
  - Thomas Stangeland til 2017

Årsmøtet avslutta.

Leiar Torstein Fossan oppmoda alle til å gi tilbakemeldingar anten det var ros eller ris.